



**MOTTATT**  
**15 OKT 2010**  
**ARBEIDSDEPARTEMENTET**

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Giske formannskap	11.10.2010	135/10	MHMG

Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr
May-Helen Molvær Grimstad	K1-, K2-F12, K3-&13	10/1024- 5

### AKTIV DELTAKING - LIKEVERD OG INKLUDERING - EIT HEILSKAPELEG HJELPEMIDDEL TILBOD - HØYRING

#### Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.08.2010	NOU 2010:5 - AKTIV DELTAKING, LIKEVERD OG INKLUDERING - HØYRING MED FRIST 15. OKTOBER 2010	135778
06.10.2010	NOU 2010:5 SAMANDRAG	138241

#### Saksutgreiing:

NOU 2015:5 "Aktiv deltaking, likeverd og inkludering – eit heilskapeleg hjelpemiddeltilbod er sendt ut på høyring.

Hjelpemiddelområdet har årlege kostnader på ca sju milliardar kroner, og kostnadane veksande.

Finansiering av hjelpemiddeltilbod er i dag delt mellom stat, kommune og arbeidsgjevarar. Staten sitt ansvar er primært heimla i folketrygdlova og omfattar mange ulike tiltak og stønader, samt eit landsdekkande system av 19 hjelpemiddelsentralar. Staten har i tillegg, gjennom dei regionale helseføretaka ansvaret for behandlingshjelpemiddel i og utanfor institusjon etter spesialisthelsetjenestelova. Husbanken har ansvar for tiltak som utbetring og tilpassing av bustad.

Det har vore ein sterk vekst i staten sine utgifter til hjelpemiddel.

Kommunane har ansvaret for hjelpemiddel som skal dekkje mellombelse behov (mindre enn to - tre år) og hjelpemiddel til brukarar innlagt i kommunale institusjonar (med unntak av forflyttingshjelpemiddel og syns- og hørselshjelpemiddel). Kommunane har også eit ansvar for formidlingsprosessen, for å utgreie trongen for - og gi opplæring i bruken av hjelpemidlet. Arbeidsgjevarane har ansvar for å tilrettelegge arbeidsplassen etter arbeidsmiljølova. Arbeidsdepartementet ber i brev av 16.juni om fråsegn til Holteutvalet si utgreiing.



# GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

Utgreiinga målber dagens ansvarsfordeling på dette området som kompleks. Uklårleik og gråsoner resulterer i arbeids- og tidkrevjande saksbehandling. Det kan medverke til eit høgare kostnadsnivå. Målgruppa er ikkje lett å avgrense.

Utvalet sitt forslag bygg i stor grad på sektoransvarsprinsippet. Dette prinsippet inneber at ansvaret for hjelpemiddel vert lagt til det myndet som har ansvaret for sektoren kor hjelpemidlet kjem til bruk. Utvalet ser dette i praksis slik at kommunane skal ha ansvaret for hjelpemiddel i dagleglivet, at opplæringsmyndigheita får ansvar for hjelpemiddel innan opplæring og at spesialisthelsetenesta får ansvar for behandlingshjelpemiddel. Utvalet foreslår at retten til hjelpemiddel i større grad vert heimla i sektorlovgevinga. Utvalet reknar med at sektoransvar vil gi klarere ansvarsforhold og høve til å sjå hjelpemiddel i samanheng med det andre i sektorpolitikken.

## **Vurdering:**

Dersom reglane på dette blir endra i tråd med NOU 2015:5 vil det kunne få store økonomiske konsekvensar for Giske kommune.

## **Rådmannen sine merknader:**

### **INNSTILLING:**

Giske kommune sluttar seg til KS si høyringsfråsegn:

”KS mener det er behov for et mer helhetlig hjelpemiddeltilbud - og at dette vil kunne gi viktige

bidrag til aktiv deltakelse, likeverd og inkludering.

KS mener det sektoransvarsprinsippet som utredningsutvalget legger til grunn for sine forslag, er et vanskelig utgangspunkt for et mer helhetlig og brukerrettet hjelpemiddeltilbud.

KS mener den omfattende rettighetsreguleringen utvalget foreslår på hjelpemiddelområdet, knyttet til sine forslag om ny ansvarsfordeling, vil gjøre det vanskelig å konkretisere framtidige behov for hjelpemidler og de økonomiske og administrative konsekvensene for kommunesektoren og for den enkelte kommune.

KS mener at utredningens forslag om kommunalt ansvar og finansiering av basishjelpemidler i dagliglivet vil føre til en mer kompleks ansvars- og oppgavefordeling enn det som er dagens ordninger. Dette er et forslag som KS derfor ikke kan støtte.”

Vidare sluttar Giske kommune seg til Rådet for funksjonshemma i Giske sin uttale:

”Kommunen mener retten til hjelpemidler fortsatt skal ligge til folketrygdloven med et statlig finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemmede tilgang til hjelpemidler på alle livsområder, med stor mulighet til å leve et selvstendig liv. De økonomiske utfordringer kommunene står overfor gir lite rom for nye omfattende oppgaver på dette området. Retten til hjelpemiddel må være uavhengig av geografisk bosted og kommuneøkonomi. Staten bør i stedet forbedre hjelpemiddelformidlingen ved å bidra til å styrke kommunens ergoterapitilbud og rehabilitering samt styrke vaktmestertjenesten for reparasjon av hjelpemidler.”



**GISKE KOMMUNE**  
6050 VALDERØYA

**11.10.2010 GISKE FORMANNSKAP**

**F-135/10 VEDTAK:**

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

**Kopi til:**

Det kongelige  
arbeidsdepartement

Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Dato: 12.10.2010

*Kari Via Sævi*